



TELEMARK
FYLKESKOMMUNE

Saksprotokoll

Utval: Hovudutval for kultur

Møtedato: 14.05.2013

Sak nr: 29/13

Resultat:

Arkivsak: 13/1184

Tittel: Saksprotokoll: NOU 2013: 4 Kulturutredningen 2014

Tilråding i Hovudutval for kultur

1.	Telemark fylkeskommune meiner at innhald og framlegg til tiltak i Kulturutredningen 2014 i all hovudsak gir ei god tilbakemelding på det mandatet som utvalet fekk frå Kulturdepartementet. Telemark fylkeskommune har følgjande konkrete merknader:
2.	Kulturlova bør framleis vere ein generell rammelov. Telemark fylkeskommune er ikkje samd med utvalet i at den må utstyrast med føresegner og verkemiddel for å fungere. Det ville leggje for sterke band på lokal og regional fridom. I følge KOSTRA hadde kommunane i Telemark i 2011 eit netto kulturbudsjett på 4,7 % i høve til totalbudsjettet, 0,9 % over lands-gjennomsnittet. Fylkeskommunen sitt nettobudsjett var på 3,2 %, også det over landsgjennomsnittet. Dette syner at kulturområdet vert prioritert, sjølv i høve til ein generell rammelov.

3.	<p>Tabell 11.7 syner at det i perioden 2005 – 2013 har vore store regionale skilnader, eksklusive Oslo, i auka overføring av statlege kulturløyvingar,</p> <p>Her varierer auken frå 51,1 % – 191,8 %. Telemark ligg nest sist med 63,3 %.</p> <p>På sikt må det vere ei statleg oppgåve å jamne ut dei regionale skilnadene. Her er vertikalt samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunar og staten via knutepunktfinansiering av regionale kunst- og kulturinstitusjonar eit godt verkemiddel.</p>
4.	<p>Forvaltning og utvikling av Den kulturelle skulesekken er ei regional oppgåve. Kapittel 11 om den kulturelle skulesekken dokumenterer at DKS i grunnskulen/kommunane ikkje er styrka etter 2005, ikkje ein gong nominelt. Dette er eit målretta kunstnarleg utviklingsarbeid som når alle born og unge. Auka statleg støtte er ein føresetnad for vidare kvalitetsutvikling og gir i tillegg viktige oppdrag/inntekter for det frie kunstnarlege området.</p>
5.	<p>Etableringa av regionale kompetansesentra for rytmisk musikk vart innført av Kulturdepartementet som ei knutepunktfinansiert ordning utan dialog med fylkeskommunane. Telemark fylkeskommune viser til kapittel 11, side 138 og er samd med utvalet i at ordninga vert avvikla i si noverande form, og at den vert erstatta av ei ny støtteordning som har klårare og tydeligare mål, ikkje minst for kompetanseutvikling.</p>
6.	<p>Telemark fylkeskommune er samd med utvalet i at det er eit mål med meir samarbeid mellom kulturinstitusjonar og frie grupper, men då må det vere mogleg å søke Norsk Kulturråd om prosjektstøtte.</p>
7.	<p>I tråd med dei politiske målsettingane som vart lagt til grunn for Kulturløftet, har mykje av auka til det frie scenekunstheltet gått til å styrke dansen, jamf. utvalets pkt.11.3.4, men mesteparten har vore prosjektbasera. Dei regionale scenene for samtidsdans må bli ei permanent ordning og dei må få ressursar til å bli produserande einingar i tråd med innstillinga i <i>Tid for dans</i>.</p>
8.	<p>Under musikkområdet, pkt.11.4.4 er Telemark fylkeskommune samd i å styrke arrangørstøtteordninga i regi av Norsk Kulturråd etter nedlegginga av Rikskonsertane sine offentlege konsertar. Det er eit viktig bidrag for å utvikle eit desentralisert musikkliv og til å styrke arrangørkompetansen lokalt. Men her bør og fylkeskommunen få høve til å opptre som ein regional utviklingsaktør og produsent, til dømes i samarbeid med kulturhusnettverka. Staten bør prioritere dei regionane som ikkje har faste orkestrer, ensemble eller musikkscener med statleg driftsstøtte.</p>
9.	<p>Fordeling av midlar på museums- og kulturvern område, pkt. 11.5.1 dokumenterer ein nominell vekst på 97.9 % og ein realvekst på 73,4 % i løpet av 2005 – 2013. Dette ligg høgt over dei statlege rammeløyvingane til Telemark. Det er framleis</p>

	trong for sterkare institusjonsbygging, særleg i det folkerike Grenland.
10.	Telemark fylkeskommune er samd i trongen for å trappe opp forskings-innsatsen på kunst- og kulturpolitikken gjennom etablering av eit forskings-senter for kultursektorforskning. Det vises og til Grundtutvalet si innstilling. Telemark fylkeskommune meiner at ein i dag finn det sterkast forskarmiljøet ved Telemarkforskning i Bø, og at det er mest effektivt og naturleg å plassere eit nytt forskingssenter lokalisert saman med Telemarkforskning Bø.
11.	Telemark fylkeskommune meiner at samspelet mellom ulike kulturnivå må bli betre, og at det er ei trong for meir organisert dialog mellom Kulturdepartementet og fylkeskommunane.

Behandlinga i Hovudutval for kultur

Representanten Steinar Miland foreslo på vegne av SV ett nytt pkt. 11:

«Telemark fylkeskommune meiner at samspelet mellom ulike kulturnivå må bli betre, og at det er ei trong for meir organisert dialog mellom Kulturdepartementet og fylkeskommunane.».

Votering:

Fylkesrådmannens forslag pkt. 1 – 10 samrøystes vedteke.

Forslag frå Steinar Miland SV blei samrøystes vedteke.